



## ULSTEIN KOMMUNE

### Kjære tilflyttar: Velkommen som innbyggjar i Ulstein

Det er med glede vi har registrert at du har meldt flytting til Ulstein. Vi håper du vil finne deg godt til rette. I Ulstein gjer vi det vi kan for å vere gjestfrie, og vi vil at du skal oppleve Ulstein som ein god kommune å bu og leve i. Ulsteinsamfunnet si forankring ligg i vår kulturelle tradisjon og identitet, tufta på kjerneverdiane mangfald, rausheit, omsorg og nyskaping.

Ulstein er i vekst, med nye utfordringar og positive endringar for innbyggjarar og regionalt arbeidsliv som elsker å skape. I Ulstein har vi attraktive arbeidsplassar som rekrutterer frå heile regionen.

Du har kome til ein kommune og ein region som har mykje storslått natur å by på. Bølgjene og breane sine mektige krefter har forma ut det dramatiske landskapet med stupbratte fjellsider mot havet og fjorden, og mjuke svabergsskulpturar langs lågare havstrender. Her ute ved kysten er fjella avrunda og lette å ta seg fram i, og storhavet og skjergarden skaper magiske augneblink i storm og stille. Tek du turen gjennom Eiksundsambandet så er det Sunnmørsalpane sine høge tindar og dei vakre fjordane som byr på flotte naturopplevingar.

I Ulsteinvik kan vi også by på urbane kvalitetar, med eit moderne bysentrum og eit rikt tilbod av butikkar, servicenæringar, serveringsstadar og kulturliv – i sentrum av Søre Sunnmøre.

Her er eit rikt lag- og foreiningsliv som kan tilby alt frå kor til kampsport.

Vi er glade for å ha fått deg med på laget.

Du finn meir informasjon på nettstaden vår [www.ulstein.kommune.no](http://www.ulstein.kommune.no).  
Skriv «Ny i Ulstein» i søkefeltet.

NØI heller ikkje med å ta kontakt med kommunen på 70 01 75 00.

Vennleg helsing

Ordførar

Knut Erik Engh

Kommunedirektør

Verner Larsen